

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FA-M74	22/351

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/23	Formannskapet	PS	06.06.2023
	Kommunestyret	PS	

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgavefellesskap  
Avtale

Vedlegg:

Samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF  
IUA Bergen region KOF - Samarbeidsavtale .PDF

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

§ 7 i forskrift 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akutt forureining seie at alle kommunar skal delta i eit interkommunalt samarbeid mot akutt forureining. Det interkommunale samarbeidet skal opprettast i lov av 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 19 eller lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-loven).

IUA Bergen region som dekkjer kommunane Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Hyllestad, Kvam, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Solund, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden blei oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Fristen for omdanning til ein lovleg samarbeidsform (kommunalt oppgavefellesskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, og det betyr hausten 2023.

Vedlagt følger samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF. Under utarbeidinga av samarbeidsavtalen har sekretariatet henta erfaringar frå andre IUA i Noreg og ein del andre samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgavefellesskap. Vi har og søkt råd hjå KS Advokatane og Kystverket, mellom anna for å sikre at samarbeidsavtalen tar tilstrekkeleg omsyn til forskjellen i storleik på deltakarkommunane våre.

### Vurdering

Styret i IUA Bergen region handsama forslaget til samarbeidsavtale i møte 10. mars 2023, og fatta følgande einstemmig vedtak:

*«Styret godkjenner samarbeidsavtalen for IUA Bergen region KOF, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakarkommunane for godkjenning i kommunestyra. Mal for saksframstilling skal ligge ved samarbeidsavtalen ved utsendinga til deltakarkommunane for å sikre at det blir fatta likelydande vedtak i alle kommunane».*

Omdanninga av IUA Bergen region frå et § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Bergen kommune v/Bergen brannvesen ber difor om å prioritere saka slik at kommunestyra kan fatte vedtak før sommaren 2023.

Folkehelse

Forureining er ikkje bra for folkehelsa, og me må unngå konsekvensane av forureining

Miljø

Det er viktig å være ein del av eit større fagfelleskap innanfor dette fagområdet, og på den måten klare å handtere uønska hendingar saman

Økonomi

Ny avtale skal ikkje få økonomiske konsekvensar

### **Konklusjon**

Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap

### **Forslag til vedtak:**

Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap

Formannskapet - 034/23

### **F - behandling:**

### **F - vedtak:**

Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.  
Smrøystes vedteke.